



Arkivsak

26/09200-3

Saksbehandler

Stig Larsen

Saksgang

Fylkesutvalg

Møtedato

10.06.2026

Representantskapsmøte i NOVARI IKS 24. april 2026

Innstilling fra fylkesdirektøren

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Bakgrunn og saksgang

Telemark fylkeskommune er deltakar i Novari IKS. Selskapet er eigd av fylkeskommunane og Oslo kommune, og leverer digitale fellestenester og utviklingsoppgåver på vegne av eigarane. Representantskapet i Novari IKS vart halde møte 24. april 2026.

Etter Telemark fylkeskommunes rutine for saksbehandling av eigarskapssaker skal innkallingar til representantskap og tilsvarande eigarorgan normalt behandlast ved at hovudutvalet med nærast fagleg tilknytning innstiller, og fylkesutvalet gjer vedtak. I denne saka er representantskapsmøtet allereie halde. Saka blir derfor lagd fram for fylkesutvalet til orientering.

Saksopplysningar

Representantskapet i Novari IKS behandla 21 saker i møtet 24. april 2026. Sakslista omfatta val, økonomi- og budsjettspørsmål, årsmelding, eigarstyring og status for større utviklingsprosjekt.

Følgjande saker var til behandling:

Sak 01/26 gjaldt godkjenning av innkalling og saksliste.

Sak 02/26 gjaldt oppnemning av tre representantar til signering av møtereferatet.

Sak 03/26 gjaldt godkjenning av protokoll fra representantskapsmøtet 25. september 2025.

Sak 04/26 gjaldt valg av nye medlemmer til styret og ny valgkomité for 2027.

Sak 05/26 gjaldt ansattvalgte medlemmer til styret i Novari IKS.

Sak 06/26 gjaldt restanseliste for Novari IKS per 27. mars 2026.

Sak 07/26 gjaldt godkjenning av årsregnskap med noter for 2025.

Sak 08/26 gjaldt revisjonsberetningen for Novari IKS for 2025.

Sak 09/26 gjaldt disposisjonsfondet i Novari IKS per 31. desember 2025.

Sak 10/26 gjaldt mindreforbruk på samferdselsområdet i 2025.

Sak 11/26 gjaldt mindreforbruk på administrasjon og felles drift i 2025.

Sak 12/26 gjaldt budsjettjustering for 2026 ved innarbeiding av investeringsprosjektet DigiDOT på tannhelseområdet.

Sak 13/26 gjaldt budsjettjustering for 2026 ved nedjustering av samferdselsbudsjettet.

Sak 14/26 gjaldt økonomirapportering per 28. februar 2026.

Sak 15/26 gjaldt godkjenning av årsmelding for 2025.

Sak 16/26 gjaldt eierseminar for budsjett 2027.

Sak 17/26 gjaldt status for prosessen med å utarbeide en felles eierstrategi for Novari IKS.

Sak 18/26 gjaldt status for SiDE-prosjektet.

Sak 19/26 gjaldt status for DigiDOT-prosjektet.

Sak 20/26 gjaldt status for modernisering av VIGO-systemet. Saken var unntatt offentlighet etter offentleglova § 13 første ledd, jf. forvaltningsloven § 13 første ledd nr. 2.

Sak 21/26 gjaldt eventuelt.

Sakslisten ligger vedlagt.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Saka er lagd fram som ei orienteringssak og inneber ikkje i seg sjølv nye økonomiske, administrative eller juridiske konsekvensar for Telemark fylkeskommune.

Representantskapet i Novari IKS behandla fleire saker med økonomisk betydning for selskapet og eigarane. Eventuelle økonomiske verknader for Telemark fylkeskommune som følgje av vedtak i representantskapet fyljes opp administrativt.

Saka medfører ikkje behov for nye administrative tiltak utover ordinær eigaroppfølging av Novari IKS. Juridiske forhold knytte til selskapsverksemda blir handterte innanfor rammene av

selskapsavtalen, lov om interkommunale selskap og Telemark fylkeskommunes rutinar for eigarskapssaker.

Konsekvensar for klimamålet i fylket og FNs bærekraftsmål

Saka er ei orientering om gjennomført representantskapsmøte i Novari IKS og har ikkje direkte konsekvensar for klimamålet i fylket eller FNs bærekraftsmål.

Vurderinga frå fylkesdirektøren

Saka gjeld orientering om innkalling og saksliste til representantskapsmøte i Novari IKS 24. april 2026.

Sakslista viser at representantskapet behandla saker knytte til mellom anna årsrekneskap og årsmelding for 2025, disposisjonsfond, budsjettjusteringar for 2026, eigarstrategi og status for større digitale utviklingsprosjekt.

Fylkesdirektøren vurderer at saka ikkje krev særskild oppfølging utover ordinær eigaroppfølging av Novari IKS. Representantskapsmøtet er allereie halde, og saka blir derfor lagd fram som orientering om møtet og sakene som vart behandla.

Fylkesdirektøren vurderer at arbeidet med eigarskapsstrategi (sak 17/26) skal sikre at selskapet prioriterer drifts- og utviklingsoppgåver i tråd med forventningane til eigarane. I påvente av denne strategien vil fylkesdirektøren sikre at Telemark fylkeskommunes deltaking i selskapet bidreg til tett oppfølging av oppgåver og økonomi.

Vedlegg:

Saksliste-mote-i-representantskapet-Novari-IKS-24.04.26-